

Nei til kommunalt byggetilskot

06.05.2011

Både Aktivitetshuset og Fjelly har fått avslag på søknadane om kommunalt byggetilskot for dette året, Det var komiteen for oppvekst, kultur og idrett som sa nei.

For Fjelly var grunnen til avslaget at søknaden ikkje var tilfredsstillande utarbeidd.

Når ungdomslaget har ein konkret søknad med eit budsjett og ein finansieringsplan kan dei søkja pånytt.

Neste frist er truleg i februar neste år.

Aktivitetshuset fekk nei fordi søknaden ikkje var tilstrekkeleg dokumentert.

Det blir søkt om midlar til mindre branntekniske pålegg, Kulturkontoret svarar at dette vert sett på som ein del av den vanlege drifta.